



Fylkesmannen i Hordaland

EIDE FJORDBRUK AS

Bergen, 24. november 2017

5640 Eikelandsosen

Dykkar ref.:
Vidar Hjartnes

Vår ref.(oppgi ved svar):
2017/12485
Sakshandsamar:
Henriette Ludvigsen

Rapport frå inspeksjon ved Eide Fjordbruk AS lok.Langøy

Kontrollnummer: 2017.061.I.FMHO

Til stades ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

Vidar Hjartnes

Tomas Frotjold

Jennifer Bergmann

Andreas Moe Larsen

Erlend Eide

Frå Fylkesmannen i Hordaland:

Henriette Ludvigsen

Tom N. Pedersen

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Eide Fjordbruk AS lok. Langøy den 31.08.2017. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Hordaland avdekka 1 avvik og ga ingen merknad under inspeksjonen.
Avvik: Verksemda sin internkontroll har manglar

Avvik er nærare omtalte frå side 4 og utover i rapporten.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Henriette Ludvigsen
overingeniør

Tom N. Pedersen
seniorrådgjevar

Kopi til: Lindås kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: EIDE FJORDBRUK AS	
Organisasjonsnr.: 866751242	Eigd av:
Bransjenr. (NACE-kode): 03.211 - Produksjon av matfisk, bløtdyr, krepsdyr og pigghuder i hav- og kystbasert akvakultur	

Kontrollert eining

Namn: Eide Fjordbruk lok. Langøy	Anleggsnr.: 1263.0087.02
Kommune: Lindås	Fylke: Hordaland
Anleggsaktivitet: Laksefiskproduksjon i sjø	
Løyve gitt: 02.11.2016	Sist endra:

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Miljødirektoratet og fylkesmennene gjennomfører ein tilsynsaksjon ved akvakulturselskap i haust. Tilsyna vert gjennomført som kontroll av akvakulturselskapet sin internkontroll for ytre miljø og oppfølging av selskapet sitt matfiskanlegg i sjø.

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova og produktkontrolllova, vert overhaldne.

Aksjonen er ei oppfølging av tilsynsaksjonen for akvakultur i 2011.

Inspeksjonstema

- internkontroll knytt til ytre miljø, med hovudvekt på miljømål, risikovurdering og rutinar
- kunnskap om og oppfølging av eigen miljøpåverknad inkludert miljøgranskingar
- kjemikal
- avfall og forsøpling
- utsleppsløyvet

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og

kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Eide Fjordbruk AS pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at Langøy, matfisk innan 15. februar 2018 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmhopostmottak@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Hordaland v/Henriette Ludvigsen.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 11. september 2017. Verksemda skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemda utan løyve etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Eide Fjordbruk AS betale eit gebyr på 19 400 kroner for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn av inntil ein dags varigheit. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Hordaland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Offentlegheit i forvaltninga

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Hordaland (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Verksemda sin internkontroll har manglar

Avvik frå:

Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 4, 6, 7 og 8.

Kommentar til regelverket:*Miljømål*

Verksemda skal ha vurdert kva som er akseptabel for forureining og påverknad av resipienten ved drift av anlegget. Ut frå dette skal verksemda setje miljømål som sikrar at drifta ikkje medfører unødig forureining av det ytre miljø. Desse måla skal gjelda for anlegget/lokaliteten, og dei skal vera konkrete og dokumenterte slik at ein veit om måla er nådde eller ikkje.

Risikovurdering

Verksemda skal kartleggje farar og problem og på denne bakgrunn vurdere risiko. På bakgrunn av dette skal verksemda utarbeide tilhøyrande planar og konkrete tiltak/rutinar for å redusere risikoforholda.

Skrifteleg rutinar

Skriftlege prosedyrar for arbeidsoppgåver skal sikre at verksemda overheld krava som er satt i regelverket uavhengig av kven som gjer oppgåva, og på den måten forebygge brot på regelverket.

Systematisk gjennomgang av internkontroll

Verksemda skal systematisk gjennomgå internkontrollen for å sikre at den fungerer som forutsett. Det skal gå fram av skriftlege dokument at dette skal og blir gjennomført så ofte som er nødvendig for at internkontrollen er oppdatert og fungerer.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:*Miljømål*

Måla for ytre miljø er ikkje konkrete og er lite målbare.

Risikovurdering

Risikovurderinga omfattar ikkje alle potensielle kjelder til forureining for lokaliteten. Dette gjelder mellom annan utslepp frå anlegget av kopar og forsøpling.

Skriftlege rutinar

Verksemda manglar skriftleg prosedyre for gjennomgang og vurdering av miljømåla.

Verksemda gjennomfører substitusjonsvurdering og har bytta ut kjemikal med andre kjemikal og med andre metode, men dei manglar skriftleg prosedyre for substitusjonsvurdering og dokumentasjon på utført substitusjonsvurdering.

Prosedyre for handtering av farleg avfall manglar informasjon om krav til merking, lagring og levering i tråd med avfallsforskrifta.

Systematisk gjennomgang av internkontroll

Verksemda har ikkje en systematisk gjennomgang av miljømåla for å vurdere om måla er nådd, noko som heng saman med at måla er lite målbare.

7. Merknader

Det vart ikkje gitt merknader under inspeksjonen.

8. Andre tilhøve

Framandstoff i fôr

Fôret inneheld ulike framandstoff både som aktive tilsetjingar i fôret (t.d. Zn og Cu) og ulike forureiningar frå fôrkjeldene (som t.d. Cd og ulike miljøgifter). Oppdrettar pliktar å kjenne til om dei held seg innanfor dei grenseverdiar som er sette. Verksemda bør risikovurdere utsleppa av framandstoff i fôr. Oppdrettar bør óg vurdere om dei treng å gjere målingar av miljøgifter i sedimentet under anlegget.

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forureiningslova)
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollova) §§ 3 og 3a
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Fylkesmannen

10. Informasjon til verksemda

Brosjyrar/infoark vart utdelte:

- Gebyr ved kontroll (TA-2608)
- Håndtering av farlig avfall (M284)
- Substitusjonsplikten (M104)
- Forurensningsmyndighetenes forventninger til oppdrettsanlegg i sjø (M-735)